# Innst. S. nr. 155

## (2005-2006)

## Innstilling til Stortinget fra transport- og kommunikasjonskomiteen

St.prp. nr. 48 (2005-2006) (unntatt pkt. 3)

**Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om endringar av løyvingar for 2006 under Fiskeri- og kystdepartementet sitt område mv.**

Til Stortinget

### SAMMENDRAG

I proposisjonen vert det fremma forslag om tilleggsløyving for å dekkje kostnader for å gjere ytterlegare undersøkingar av vraket av ubåten "U 864" utanfor Fedje.

Ved Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 79 (2004-2005) Om endringer av bevilgninger på Fiskeri- og kystdepartementets område, jf. Innst. S. nr. 21 (2005-2006), blei det gitt ei løyving på 14,7 mill. kroner slik at Kystdirektoratet sommaren og hausten 2005 kunne gjennomføre eit forprosjekt for å klarleggje korleis ureiningsfaren frå vraket av ubåten "U 864" kan fjernast.

Det arbeidet som er gjennomført i forprosjektet hausten 2005 har gitt betre kunnskap om tilstanden til vraket og ureiningssituasjonen. Det er m.a. gjort kartlegging av vrakdelar, havbotn, straumforhold, ureining i vatn og sediment samt kvikksølvnivå i fisk og skaldyr.

Totalt blei 107 vrakdelar lokalisert. Det vart også funne ein behaldar med kvikksølv. Denne låg i sedimenta, utanfor vraket. Behaldaren var heil og i relativt god forfatning, men punktvis korrodert. Funnet av kvikksølvbehaldaren stadfestar at "U 864" hadde ein last med kvikksølv, men det stadfestar ikkje talet behaldarar eller tilstanden til behaldarane som ligg inne i vraket.

Sedimenta i et område berekna til 200 x 200 meter er flekkvis særs sterkt ureina. Av 35 sedimentprøver er 30 klassifisert som særs sterkt ureina, dvs. tilstandsklasse V i Statens forureiningstilsyn (SFT) si klassifisering av ureina sediment.

Funnet av kvikksølvflaska stadfestar at det er kvikksølvbehaldar i og ved vraket. Ut frå dei opplysningane som ligg føre, må det leggjas til grunn at "U 864" hadde ei last på om lag 65 tonn kvikksølv. Både vraket og kvikksølvbehaldarane korroderer og brytast ned, men ut i frå dei opplysningane som ligg føre kan ein ikkje seie kor fort dette vil skje.

Kystdirektoratet vurderer faren for ytterlegare ureining som stor, og meiner derfor at dei gjennomførte undersøkingane peiker eintydig i retning av at det må setjast i verk tiltak for å fjerne ureiningsfaren ved vraket. Direktoratet tilrår per i dag at sedimenta rundt vraket som er markert forureina, dvs. tilstandsklasse III eller høgare i SFT si klassifisering, bør dekkjast til, slik at kvikksølvet i desse sedimenta ikkje lenger blir tilgjengeleg for biologisk aktivitet og opptak i næringskjeda.

Kystdirektoratet meiner at dei manglar viktig kunnskap for å kunne gi ei fagleg forsvarlig tilråding om korleis ureiningsfaren knytt til vraket og lasten bør fjernast.

Kystdirektoratet har berekna totalkostnadene for det nødvendige arbeidet sommaren 2006 til 31,3 mill. kroner. Delar av arbeidet må leggjast ut på anbod. I berekninga er det teke høgde for uføresette prosjektkostnader og stans på grunn av verforhold. Det er i overkant av 3 mill. kroner i ubrukte midlar frå løyvinga på 14,7 mill. kroner som er overført til 2006. Det er derfor behov for ei tilleggsløyving på om lag 28 mill. kroner i 2006. Det vil ikkje vere mogleg å dekkje ein slik kostnad innafor Kystverket si eksisterande ramme.

### KOMITEENS MERKNADER

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Eirin Faldet, Svein Gjelseth, Irene Johansen, Torstein Rudihagen, Tor-Arne Strøm og Truls Wickholm, fra Fremskrittspartiet, Bård Hoksrud, lederen Per Sandberg og Arne Sortevik, fra

Høyre, Øyvind Halleraker og Trond Helleland, fra Sosialistisk Venstreparti, Hallgeir H. Langeland, fra Kristelig Folkeparti, Jan Sahl, fra Senterpartiet, Eli Sollied Øveraas, og fra Venstre, Borghild Tenden, viser til St.prp. nr. 79 (2004-2005), jf. Innst. S. nr. 21 (2005-2006), om forslag til bevilgning på 14,7 mill. kroner til kartlegging av kvikksølvforurensing fra den tyske ubåten U864 som er lokalisert om lag 2 km vest for Fedje i Hordaland.

Komiteen er kjent med at forprosjektet som ble gjennomført høsten 2005, har vist sterkt forurensede områder rundt vraket. Funnene bekrefter at ubåten var lastet med kvikksølv.

Komiteen er fortsatt bekymret for situasjonen og viser til at Kystdirektoratet vurderer faren for ytterligere forurensing som stor og tilrår at det må settes i gang tiltak for å fjerne forurensingsfaren ved vraket.

Komiteen viser til at Kystdirektoratet mener de mangler viktig kunnskap for å kunne gi en faglig forsvarlig anbefaling om hvordan forurensingsfaren knyttet til vraket og lasten bør fjernes.

Komiteen mener på bakgrunn av dette at ytterligere kartlegging er helt nødvendig og slutter seg til forslaget til bevilgning.

Komiteens medlemmer fra Høyre, Kristelig Folkeparti og Venstre viser til at Stortinget etter forslag fra regjeringen Bondevik II bevilget 14,7 mill. kroner til undersøkelser ved vraket. Disse medlemmer støtter at det bevilges 28 mill. kroner ekstra for å gjøre ytterligere undersøkelser.

Disse medlemmer vil understreke at det ikke er noe tid å miste, og hadde gjerne sett en raskere fremdrift i arbeidet med undersøkelsene. Disse medlemmer understreker at de trusler vraket representerer for miljøet generelt og tilliten til norsk sjømat spesielt, krever rask avklaring og handling. Disse medlemmer forventer derfor at Regjeringen senest i forbindelse med budsjettet for 2007 kommer til Stortinget med et forslag til løsning.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at beregninger gjort av Norsk institutt for vannforskning har beregnet at det kan lekke ca. 4 kg kvikksølv fra sediment til vann ved vraket, dette alene tilsvarer om lag 10 pst. av det totale utslippet av kvikksølv til vann i Norge. Disse medlemmer er derfor bekymret over at forundersøkelsene og det videre arbeidet har tatt lang tid.

Disse medlemmer er også svært bekymret over at dersom den store mengden kvikksølv som ligger i ubåten (65-70 tonn) lekker ut, vil det ha svært dramatiske konsekvenser for miljøet i dette området. I tillegg vil det også kunne bidra til å svekke Norges omdømme med særlig negative konsekvenser for norsk fiskerinæring.

Disse medlemmer vil derfor sterkt peke på viktigheten av at man nå må sørge for å rydde opp og fjerne faren for ytterligere kvikksølvforurensning snarest mulig.

Disse medlemmer mener også at fremdriften i denne saken står i sterk kontrast til Regjeringens bekymring for andre typer miljøforurensninger, ved blant annet lete- og boreaktiviter i Barentshavet og Norskehavet. Disse medlemmer mener derfor at Regjeringen så fort undersøkelsene er ferdige, snarest mulig må legge frem en plan for å få fjernet kvikksølvet og forurensede sedimenter fra området.

Disse medlemmer vil også be om at Regjeringen orienterer Stortinget på egnet måte om fremdriften i saken.

## KOMITEENS TILRÅDING

Komiteen har ellers ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

I statsbudsjettet for 2006 gjøres følgende endring:

| Kap. | Post | Formål | Kroner |
|---|---|---|---|
| 1062 | | Kystverket: | |
| | 1 | Driftsutgifter, økes med ........ | 28 000 000 |
| | | fra kr 841 040 000 til kr 869 040 000 | |

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 11. mai 2006

**Per Sandberg**
leder

**Tor-Arne Strøm**
ordfører

Lobo Media AS

www.stortinget.no